



>> Tenester til deg >> Nyhende >> Om Radøy kommune >> Den grønne øya >> Aktuelt

Du er her: [Framsida](#) / [Tenester til deg](#) / [Tekniske tenester](#) / [Avløp - offentlege avløpsanlegg](#)

#### Tekniske tenester

- Avfallshandtering
- **Avløp - offentlege avløpsanlegg**
- Brannvern
- Brøyting
- Byggavfall - kjeldesortering
- Feing og tilsyn med fyringsanlegg
- Opptening av eld utandørs
- Prisar og gebyr
- Slamhandtering
- Vassforsyning - drikkevatt
- Veglys
- Vegvedlikehald

#### Avløp - offentlege avløpsanlegg

### GENERELT

#### Omtale

Kommunen etablerer, driftar og held ved like offentlege avløpsanlegg (avløpsnett, avløpsanlegg og utsleppsinnretning). Målet er å samle opp avløpsvatn, transportere vatnet til eigna reinseanlegg og sleppe det vatnet som er reinsa ut i ein vassførekomst. Anlegget skal førebyggje ureining av miljøet og hindre overfløyming. Avløpsvatn tyder her vatn frå bustader og næringsliv, dvs. både sanitært og industrielt avløpsvatn, og overvatn/drensvatn. Kommunen har ansvar for utslepp frå det offentlege avløpsanlegget. Kommunen rapporterer utsleppsdata til Fylkesmannen via KOSTRA (det internetbaserte systemet til Statistisk Sentralbyrå). Utsleppsdataa viser blant anna i kva grad avløpsreinseanlegget følgjer reinsekrava.

Radøy kommune har mange større og mindre slamavskillarar, alle med sjø som resipient. Me har også eit kjemisk/biologisk reinseanlegg i Bøvågen. I tillegg har kommunen seks mindre og større pumpeanlegg.

#### Målgruppe

Innbyggjarar, næringsliv

#### Kriterium/vilkår

Bustader og verksemder må vere kopla til eller skal koplast til det offentlege avløpssystemet ved privat stikkleidning til hovudleidning. Kommunen kan gjennom enkeltvedtak krevje rehabilitering av private stikkleidningar for å hindre ureining.

#### Pris for tjenesten

Prisen for å kople seg til og nytte det offentlege avløpsnettet blir fastsett av kommunestyret.

### LOVER OG RETNINGSLINER

Gjeldende lov og regelverk

Plikta til å vere kopla til eit offentleg avløpssystem går fram av § 27-2 i plan- og bygningslova. Sjå § 22 i ureiningslova om krav om rehabilitering av private stikkleidningar for å hindre ureining.

#### Lover

[Kommunehelsetjenesteloven](#)  
[Forurensningsloven § 22](#)  
[Plan- og bygningsloven § 27-2](#)

#### Forskrifter

[Forurensningsforskriften kap. 16 \(kommunale vann- og avløpsgebyrer\)](#)

### OM SØKNADSPROSESSEN

#### Høve til å klage

Der kommunen gjer eit enkeltvedtak (pålegg om tilkopling etter plan- og bygningslova, rehabilitering), kan du klage på vedtaket innan ein frist på tre veker frå du mottok vedtaket. Klaga sender du til den instansen som har gjort vedtaket. I klaga skal du føre opp kva du ønskjer endra i vedtaket og grunngje dette. Kommunen vil kunne gje deg rettleiing. Klageinstans er Fylkesmannen. For klaga blir sendt dit, skal den instansen i kommunen som gjorde vedtaket, vurdere om det er grunn til å endre det.

#### Kontakt oss

**Radøy kommune**  
**Radøyvegen 1690**  
**5936 Manger**  
**Telefon: 56 34 90 00**  
Faks: 56 34 90 01  
E-post:  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)  
SMS: send RADØY + di melding til 2223

#### Sjølvetening

- Søknadsskjema - Utsleppsløyve
- Søknadsskjema - Tilknytning til offentlig leidningsnett

#### Les meir

- Fylkes- og kommunale vegar i Hordaland 2010

Skriv ut denne sida

Lag pdf av sida

Tips nokon om denne sida

## ANDRE OPPLYSNINGAR

Sist oppdatert: 08.09.2010

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger | Telefon: 56 34 90 00 | Telefaks: 56 34 90 01 | [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)